

**Protokoll styremøte i Valdresmusea AS****2023:4**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Onsdag 7. juni kl. 15.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Arne Erik Fønhus, Kristin Gulbrandsen, Odd Arne Klemmetsrud, Frode Rolandsgard og Jørand Ødegård Lunde. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

**Sak 5/2023: Drøftingssak – ENØK-tiltak****Vedtak**

- 1) Styret for Valdresmusea sender svar på spørsmål frå Kommunedirektørutvalet om rett adresse for det statlege tilskottet til eit ENØK-tiltak på Valdres Folkemuseum. Notatet blir sendt deltakarane i generalforsamlinga, kommunedirektørutvalet og postmottak i den einssilde kommune.
- 2) Styret for Valdresmusea legg til grunn for ei vurdering av plasseringa av det statlege tilskottet til ENØK-tiltaket på Valdres Folkemuseum, ei utgreiing frå Valdresrevisorene 1. juni 2023. I vurderinga frå Valdresrevisorene heiter det at: «det finnes kun ett alternativ, å gjennomføre tiltaket i Valdresmusea AS – fordi det er dette selskapet som har søkt og fått tilskudd.» Sjå utgreiing.
- 3) Med bakgrunn i ei likviditetsanalyse av rekneskapen per 31.12.2022 meiner styret at det ikkje vil vere tilrådeleg å svekke eigenkapitalen ytterlegare. Likviditetsbelastninga er allereie stor. Prosjekttilskott og andre tilskott blir ofte utbetalt i etterkant av ferdigstilling av prosjekt. *Den likvide kapitalen* er derfor betydeleg mindre enn den rekneskapsmessige *eigenkapitalen*.
- 4) Styret for Valdresmusea vil ikkje tilrå lån som del av ei finansieringsløyising, dette med støtte i dei generelle vurderingane frå Kulturdepartementet. Styret vil påpeike at eit lån vil ramme den faste drifta og selskapet si ivaretaking av føremålet. Styret vil derfor ikkje fremje ein søknad om lån overfor Kulturdepartementet.
- 5) Styret for Valdresmusea held fast søknaden som vart sendt kommunane 16.02.2023. Styret ber om eit *kronetilskott* per kommune med den sitsfordelinga som vart foreslått i søknaden, og som tabellen under viser:

<u>Kommune</u>	<u>folketal pr 31.12.2022</u>	<u>prosentfordeling</u>	<u>kostnad per kommune</u>
Nord-Aurdal kommune	6354	36	kr 772 826
Sør-Aurdal kommune	2889	17	kr 364 946
Etnedal kommune	1256	7	kr 150 272
Vang kommune	1587	9	kr 193 206
Vestre Slidre kommune	2111	12	kr 257 609
Øystre Slidre kommune	3252	19	kr 407 880

6) Styret for Valdresmusea ber om at den vedlagte utgreiinga blir lagt til saka, og at saka blir handsama i kommunestyra i juni. Styret har tidlegare gjort greie for tidsfristen staten har satt for gjennomføringa av tiltaket. Dersom saka blir utsett ytterlegare, vil dette skapa utfordringar for museet si evne til å gjennomføre prosjektet innan fristen.